

Flott konfirmantdeltaking på lysmassa.

03.12.2017



Konfirmantane song flott til opning med presten som dirigent under lysmassa i ettermiddag.

Lysmassa i Uskedal kyrkje i ettermiddag vart usedvanleg flott. Åra for det må sokneprest Lina Håland og dei andre tilsette i kyrkja i høgste grad dela med dei flinke konfirmantane i årets kull. Iført kvite kapper deltok dei i mykje, og det vitna om fin kontakt mellom presten og ungdommane. Regien var og framifrå!



Frå inngangsprosesjonen

Standarden vart sett alt ved inngangsprosesjonen. Med sokneprest Lina Håland som forsongar song konfirmantane vakker i gospelsongen **This Little Light of Mine** medan prosesjonen gjekk opp midtgangen i kyrkja, og dei avslutta som oppstilt kor framme i kyrkja. Det var VAKKERT, det! Heilt fortent var det at kyrkjelyden gav dei taktfast applaus.

Etter samlingsbøn ved klokkar Oddbjørg Heimark og tenning av første lyset i adventskransen ved konfirmant Joacim Musland, fortsette gudstenesta, og alle dei 10 konfirmantane som var til stades, bidrog også vidare. I tillegg til oppgåvene dei var tildelt, la eg merke til at dei song flott med på salmane.

Saima Kristine L. Døssland var medlesar saman med Lina prest i dåpspåminninga. Dette vart etterfulgt av dåpsalmen med Lina som forsongar før konfirmantane og resten av kyrkjelyden repeterte.



Veldig flott var det når samtlege konfirmantar deltok under tekstsinga.

Under tekstsing og lystenning deltok samtlege konfirmantar. Mellom tekstorda som konfirmantane las, vart salmen **Gjer døri høg** sungen vers for vers. Ekstra flott vart dette ved at samtlege deltok i tekstsinga og gjorde det så flott!

I preika si tok sokneprest Lina Håland utgangspunkt i Tarjei Bøe sin WC-siger i skiskyttar-sprinten laurdag. Det var 4 år sidan siste siger, og han hadde lengta etter dette. Gjennom mykje motgang hadde han tenkt på det dag ut og dag inn. Ho knytta dette til håpet menneska ber på, og korleis Gud følgjer oss i våre løp mot sigeren.

Gudstenesta vart avslutta med utgangsprosesjon der kyrkjelyden fulgte etter prest og konfirmantar medan dei song salmen **La oss vandra i lyset** saman.

Elles nemner vi at det var takkeoffer som gjekk til Uskedalen Hobbyklubb, og at det var første gang Vipps vart teke i bruk ved offer i Uskedal kyrkje. Det vart også minna om at neste gudsteneste er julaftan kl.14, og at julekonserten er 10.desember kl.19.30. Vi nemner også at i år vert det gudsteneste på nyttårsaftan kl.11.



Konfirmantane saman med presten utanfor kyrkja etter lysmassa(Foto: Einar Gjertsen)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland